



HANDLINGSPLAN KLIMA

STORD KOMMUNE

NULLUTSLEPP2030

Vedtatt 04.10.2023 Saknr 25/23 Formannskapet Stord kommune

Innhold

| | |
|--|----|
| Bakgrunnsdokument | 3 |
| Målsetting med handlingsplanen | 4 |
| Oppbygging av planen | 5 |
| Finansiering | 6 |
| Vurdering av kostnad | 6 |
| Rapportering | 6 |
| Tiltak..... | 7 |
| Direkte utslepp av klimagassar | 7 |
| Bensin og diesel..... | 7 |
| Naturgass | 9 |
| Straum | 10 |
| Miljøkrav i innkjøp av tenester og varer | 12 |
| Bygg og anlegg..... | 13 |
| Arealbruk..... | 15 |
| Interkommunale selskap | 16 |

Bakgrunnsdokument

Planstrategien viser til at:

Kommunestyret har gjort vedtak om at kommunen skal arbeida for monalege reduksjonar i klimagassutsleppa og vurdere å utarbeida klimarekneskap i samband med ny kommuneplan.

I vedtak i kommunestyret den 22.10.2020 vart det fatta slikt vedtak:

- 1) Kommunestyret vedtek at Stord kommune skal følgja opp Vestland fylkeskommune sine klimamål og bli nullutsleppskommune innan 2030. Kommunestyret bed om at denne målsetninga vert lagt til grunn ved rullering av kommuneplanen.*

Dette punktet vart vidareført i kommunen sin samfunnsplan, der det er eit mål å verta nullutsleppskommune i 2030, og skal vera ein pådrivar for reduksjon i klimagassutslepp.

Kommunen utarbeida i 2022 klimabudsjett for fyrste gong. I vedtaket vart det konkretisert kva som skulle vera det primære i kommunen sitt klimabudsjett:

«OPPSTART AV ARBEID MED KLIMABUDSJETT

Framlegg til innstilling:


1. Stord kommune skal vera ein nullutsleppskommune i 2030. Med nullutslepp forstår kommunestyret at menneskeskapte klimagassutslepp er lik naturleg opptak av klimagassutslepp.

2. Stord kommune startar med dette opp arbeid med eit klimabudsjett Stord kommune sitt klimabudsjett skal utarbeidast slik det er lagt opp til i saksutgreiinga. Klimabudsjettet skal i første omgang avgrensast til kommunen si verksemd (kommunen som organisasjon), men det skal i det langsiktige arbeidet også omfatte dei geografiske grensene til kommunen.»

Kommunen sin utviklingsstrategi, **samfunnsplanen**, har eit mål om å verta ein nullutsleppskommune innan 2030 med eit delmål der kommunen skal vera ein pådrivar for reduksjon i klimagassutslepp.

For å nå desse måla skal kommunen:

- Byggje klimanøytrale offentlege bygg og anlegg
- Redusere klimagassutslepp i eksisterande offentlege bygg og anlegg
- Vere pådrivar for rammevilkår og innkjøpsreglar som fremjar det grønne skiftet
- Leggje til rette for at fleire kan gå og sykle til daglege gjeremål
- Redusere ressursbruk gjennom betre tilrettelegging for sambruk og deling
- Etablere sykkelvegnett frå Rommetveit (HVL) til Sagvåg via sjukehuset, Leirvik sentrum, Vabakkjen og Heiane med vidare påkopling av store arbeidsplassområde som Aslaksvikjo og Eldøyane
- Mobilitetstenestene skal vere tilgjengelege, enkle å bruke og det skal vere gode overgangar mellom dei ulike transportformene



Figur 1 syner utvikling av global overflatetemperatur. a) syner rekonstruert og observert temperatur i perioden frå år 1 til 2020. b) viser observert og modellert temperatur i perioden frå år 1850 til 2020. Skravert område syner utrekna usikkerheit. (Kjelde: " «Climate Change 2021: The Physical Science Basis» (IPCC, 2021), i Norsk versjon av Miljødirektoratet)

Målsetting med handlingsplanen

Målsettinga er å få oversikt over og prioritera tiltak som gjer at Stord kommune skal verta ein nullutsleppskommune i 2030 med eit primært fokus på eigen organisasjon.

Oppbygging av planen

Handlingsplanen er bygd opp av følgende prinsipp:

1. Målsettinga er å peike på tiltak og prioritera desse for å redusera klimagassutsleppa til netto nullutslepp, slik det er definert i kommunestyret sitt vedta.
2. Kommunen skal ha verktøy til å gjennomføre tiltaket, det vil sei at det ligg innanfor kommunen sitt handlingsrom.
3. Tiltaka skissert i planen bør ha ein direkte effekt i å redusera klimagassutsleppa.
4. Tiltaka i planen skal leggest inn i klimabudsjettet der konkret kostnad og ansvar for gjennomføring skal fastsetjast

Denne tiltaksplanen skisserer tiltak for kva som må til for å vera nullutsleppskommune i 2030. Tiltaksplanen skal danne grunnlag for prioriteringar og er ei liste over kva tiltak som må gjennomførast før ein når målsettinga om nullutslepp i 2030. Det er ikkje tatt stilling til om det er realistisk eller mogleg å gjennomføre tiltaka i høve til kostnad eller tilgjengelege ressursar. Avklaring rundt kostnad og ressursar må vurderast i det årlege klimabudsjettet.

Ein del av tiltaka som er skissert omhandlar ikkje direkte kutt men forarbeid for å innhente kunnskap om effekt av tiltak, moglege teknologiar for alternative løysingar og kostnad med utgreiingar.

I tillegg er følgjande tema tatt inn sjølv om dei ikkje ligg under direkte klimagassutslepp og er direkte målbare, men kommunen har verktøy for å gjera noko konkret innanfor:

- **Miljøkrav i innkjøp av tenester og varer**

Dette er ein av dei største kjeldene for klimagassutslepp i kommunen og eit område der kommunen har stor påverknad på leverandørar kva produkt som er i markedet. Dette er difor eit sentralt tema.

- **Bygg og anlegg**

Bygg og anlegg står for ein stor del av klimagassutsleppa i kommunen, sett på i ein livssyklusanalyse. Dette er difor eit sentralt tema der kommunen som drifter svært mange bygg og anlegg kan gjennomføre mange tiltak.

- **Arealbruk**

Endring av arealbruk har svært stor påverknad både på klimagassutslepp og på binding av klimagassar i skog og jordsmonn. Kommunen har direkte påverknad som styresmakt for planlegging og skog- og landbruksforvaltning.

- **Interkommunale selskap**

Ein del av tenestene til kommunen skjer gjennom interkommunale selskap. Desse er formelt ikkje ein del av kommunen som organisasjon men er viktig for at kommunen skal nå sine klimamål. Det er difor tatt inn tiltak knytt til desse i denne planen.

Finansiering

Ut frå prinsippa skal tiltaka i denne handlingsplanen inngå som ein del av kommunen sin verksemd, og skal difor finansierast gjennom kommunen sine budsjett. Koplinga mellom Handlings- og økonomiplanen og kommunen sitt budsjett vil vera gjennom klimabudsjettet. Klimabudsjettet skal synleggjer samanhengen mellom reduksjon i klimagassutslepp og kostnad av tiltaket, i tillegg til å plassere ansvaret for gjennomføring i organisasjonen.

I tillegg finnes det ulike nasjonale og regionale støtteordningar som kommunen kan søke på. Dette er midlar som gjeld tidsavgrensa prosjekt og der kommunen må ha ein eigenandel. For utgreiingar og utprøving av nye metodar og ny teknologi kan desse vera aktuelle.

Vurdering av kostnad

Kostnad av tiltaka avheng av kva tiltak og kva alternativ som vert valgt. For alle tiltaka må kostnadene vurderast i samband med klimabudsjettet, der det vert sett av midlar til dei konkrete tiltaka. Ein del av tiltaka er knytt til vurdering av moglege alternativ og det er difor ikkje mogleg no å gje ein oversikt over kostnader.

Rapportering

Årleg oppfølging gjennom rapportering er like viktig om tiltak, fordi det konkretiserer resultat og sikrar oppfølging av tiltaksplanen.

Rapportering på vegen mot nullutslepp i 2030 og verknad av tiltak vert skildra kvart år i årsrapportering og i klimabudsjettet. Klimabudsjettet vil omhandle dei direkte utsleppa frå organisasjonen og kopling mot kostnad. Tiltaka skildra her gjeld forbruk av fossilt brensel og straum er det mogleg å rapportera på sidan desse er direkte målbare og kommunen har historiske data på dette.

I tillegg bør det rapporterast på andre tiltak der det er mogleg å måle ein effekt. For å sikre rapportering på dette bør alle einingar rapportera på dei ulike tiltaka årleg.

Stord kommune jobbar med Miljøfyrtårnsertifisering av einingane. I dag er åtte av einingane sertifiserte. Det er ikkje sett noko mål for når heile organisasjonen skal vera miljøfyrtårnsertifisert. Miljøfyrtårnsertifiseringa nyttar eigne verktøy for rapportering. Dei av einingane som er miljøfyrtårnsertifiserte rapporterer i dette verktøyet årleg. Rapportering gjennom miljøfyrtårn sine kan vera ei hensiktsmessig måte å rapportera på dersom ein får ein standard mal for å rapportera som omhandler klimagassutslepp.

Tiltak

For å kunne prioritera tiltak så må ein ha kunnskap om effekten av desse. Difor er det i denne tiltaksplanen eit fokus på tiltak som konkret redusera klimagassutsleppa. Det er òg viktig at tiltaka kan vera målbart opp mot ulike alternativ.

Direkte utslepp av klimagassar

Dette omfattar forbrenning av fossilt brensel som gjev eit direkte utslepp av klimagassar. Dette gjeld bruk av gass, bensin, olje og diesel.

Produksjon av straum genererer klimagassutslepp fordi kommunen kjøper straum frå eit europeisk marknad der ein del av produksjonen kjem frå mellom anna vindkraft, kjernekraft, gasskraft og liknande. Forbruk av straum fell difor inn i denne kategorien som omhandlar direkte utslepp, sjølv om dette i høve til internasjonale reknemåtar vert rekne under ein eigen kategori. Fordeling av direkte utslepp av klimagassar er vist under:


Bensin og diesel

Dette vert i hovudsak nytta til køyretøy. Her er det hovudsakleg to grupper:

- 1) Vare- og personbiler. Kommunen har pr januar 2023 137 vare og personbilar som nyttar diesel eller bensin som drivstoff. I tillegg til desse har kommunen 33 elbilar.
- 2) Andre typer motoriserte maskiner. Dette er større lastebilar, gravemaskiner, ATV, truck med meir. Dette er ei gruppe som har stor variasjon og som det delvis ikkje har andre alternativ i høve til drivstoff. Der det er mogleg å få alternativ drivstoff ligg det ofte ein stor kostnad i dette. Det er her snakk om rundt 30 maskiner. I tillegg har Stord hamn 2 båtar.

Tabell 1 syner mengde og klimagassutslepp av ulike typer energiberar i organisasjonen Stord kommune.

| Energiberar | Mengde | Tonn CO2-ekv |
|-------------|------------------|--------------|
| Bensin | 31 145 (l) | 72 |
| Diesel | 75 588 (l) | 201 |
| Naturgass | 1 885 130 (m3) | 382 |
| Straum | 16 206 973 (kWt) | 276 |
| SUM | | 931 |



Tiltak

For å nå målsettinga om nullutslepp i 2030 må all bruk av fossilt brennstoff avviklast.

| Tiltak | Merknad |
|--|---------|
| 1 Alle person og varebilar må vera skifte ut til nullutsleppskjøretøy innan 2030. Det må i snitt skiftast ut 22,5 biler i året | |
| 2 Det må utarbeidast ein analyse for kor mange ladestasjonar som skal etablerast. | |
| 3 For andre typer maskiner må det gjennomførast ein analyse av: <ul style="list-style-type: none"> a. kva typer nullutsleppsteknologi som er tilgjengeleg b. kva kostnad er av dei ulike nullutsleppsteknologiane | |
| 4 På bakgrunn av analysen i punkt 3 må det setjast opp ein plan for utskifting av nullutsleppsteknologi som syner tidsramme og kostnad. | |

Stord hamn må utarbeida ein plan for utfasing av båtar med bensin/dieselmotor og kjøp av båtar med nullutsleppsteknologi. Planen må innehalde ein analyse over:

- a. kostnader for etablering av ladepunkt for elbåtar i Leirvik
- b. alternativ for nullutsleppsteknologi til drift av båtar og kostnad for innkjøp av denne

Utfordring

1. Det er eksisterande teknologi i eit kommersielt marknad som gjer at dette er ei målsetting som er realistisk å nå. Det er vurdert at det ikkje er noko meir kostnad med å kjøpe ein elbil istadenfor bil med bensin/dieselmotor. Det er eit spørsmål om biler skal skiftast ut sjølv om dei ikkje i utgangspunkt ikkje skal fornyast. Dette vil i så fall medføre ei meirutgift. Difor må økonomiske omsyn vurderast opp mot omsynet til klimagassutslepp når det gjeld tidspunkt for fornying av bilparken.
Det må i tillegg til investering ved nye køyretøy vurderast livsykluskostnader. Elbiler er billegare i drift og har vesentleg lågare drivstoffkostnader. Dette må vera ein del av kostnadvurderinga.
2. Det ligg ein kostnad i etablering av nye ladepunkt. Dersom det skal skiftast ut inntil 135 person og varebilar er det lagt til grunn at talet på ladepunkt må aukast. Alternativet er å nytte kommersielle løysingar. Det må gjerast ei vurdering av kva som er hensiktsmessig men det vil vera trong for å auke ladepunkta.
3. For andre typer maskiner vil det ver ei utfordring å finne teknologi som er innanfor ei økonomisk ramme som gjer at det er mogleg å gjennomføre ei utskifting av fossilt drivstoff. Det er i dag ei rask utvikling i til dømes elektriske anleggsmaskiner. Evaluering i bruk av elektriske gravemaskiner syner at desse er like funksjonelle som dieseldrivne maskiner men at det treng opplæring og at tilgong på tilpassa ladestasjonar. Per i dag så er elektriske gravemaskiner vesentleg dyrare i innkjøp men billegare i drift. Dersom desse maskinane skal skiftast ut må det påreknast ein auke i kostnader

Naturgass

Naturgass vert av kommunen nytta til oppvarming av tre bygg, henholdsvis Nordbygda ungdomsskule, Rehab og fjernvarme til Vikahaugane. Det ligg her eksisterande infrastruktur, dvs røyr, som er nytta til dette føremålet.

Av ulike energiberarar er klimagassutsleppa i organisasjonen frå bruk av naturgass klårt størst.

Tiltak

| Tiltak | Merknad |
|--------|--|
| 1 | All bruk av naturgass må erstattast av energiberarar utan klimagassutslepp. Det er i dag to hovudkjelder for energi som kan vera aktuelle, straum og biogass, i supplement med andre typer energi. Det kan i tillegg vurderast andre løysingar for oppvarming som til dømes jordvarme eller liknande. Kva energikjelder som skal erstatte naturgass må vera ein del av utgreiinga. |
| 2 | Det må gjennomførast ein analyse som syner kva alternativ som er mogleg og kva kostnader og investeringar dette vil medføre. På bakgrunn av analysen må det prioriterast konkrete tiltak som skal vera gjennomført innan 2030. |

Utfordring

Det ligg i dag infrastruktur for bruk av gass. Tilgang til biogass vil kunne nytte same infrastrukturen. Det forutset stabil tilgang til biogass, noko som det i dag er usikkert om det er tilgang til. Dersom det ikkje er aktuelt å nytta rørsystemet må det vurderast kva som skal gjerast med dette og kva kostnad det er å fjerne dette.

Straum

Straum er hovudkjelda til energi for bygg i kommunen. Samstundes står forbruk av straum for større klimagassutslepp enn forbrenning bensin og diesel. Innan 2030 må all straum nytta i organisasjonen kome frå fornybare kjelder.

Det er her kun tatt utgangspunkt i å redusera klimagassutsleppa frå straumforbruk, og ikkje til om kommunen skal leggja til rette for fornybar kraftproduksjon. Dette fordi lokalprodusert fornybar straum som til dømes ved solceller, ikkje reduserar klimagassutsleppa ned til null. Lokalprodusert fornybar kraft vil ikkje vera nok til å dekke kommunen sitt behov gjennom året, og kommunen må difor kjøpe straum frå ein straummarknad. Ut frå eit tidsperspektiv med frist innan 2030 er det berre eit tiltak som vil sikre dette, og det er innkjøp av fornybarsertifikat for all innkjøpt straum.

Tiltak

| Tiltak | Merknad |
|--------|---|
| 1 | Det kan kjøpast garanti for at straumen kjem frå fornybar kraft. Dette vil bety at mengda klimagassutslepp frå forbruk av straum vil vera lik null. |

Utfordring

Kjøp av fornybarsertifikat er enkelt og skjer ved ei bestilling hjå straumleverandør. Det vil innebera ein ekstra økonomisk kostnad. I 2023 ville innkjøp av berre fornybar straum ha ein årleg kostnad på 600 000,-.

Miljøkrav i innkjøp av tenester og varer

Lov om offentlege anskaffelser § 5 viser til at:

«(...) kommunale myndigheter og offentligrettslige organer skal innrette sin anskaffelsespraksis slik at den bidrar til å redusere skadelig miljøpåvirkning, og fremme klimavennlige løsninger der dette er relevant».

Det er med andre ord eit lovkrav om at kommunen skal vurdere klima som kriterie i sine anskaffelser.

Innkjøp av varer og tenester er ein av dei største utsleppskjeldene i Stord kommune dersom ein ser på klimagassutslepp gjennom livsløpet. Det er difor eit punkt i klimabudsjettet for 2023 at det skal setjast krav til miljørekneskap og klimarekneskap i alle typer anbod.

Det er som ein del av dette søkt om midler gjennom den nasjonale ordninga KLIMASATS, der ein ynskjer å få støtte til å finansiera ei stilling i kommunen som skal sjå på korleis det kan stillast miljø- og klimakrav til offentlege anskaffelser.


Kvifor krav til kommunen sine kjøp av varer og tenester

Kommunen er ein stor innkjøper i det private marknad. Gjennom å setje krav til sine innkjøp vil kommunen styrke marknaden for klimavennlege løysingar og stimulera til sirkulær økonomi gjennom sine innkjøp.

Tiltak

| | Tiltak | Merknad |
|---|---|---------|
| 1 | Det må lagast eit oppdatert lokalt innkjøpsreglement der det er tatt inn krav som omhandler reduksjon av klimagassutslepp | |
| 2 | Det må etablerast interne rutinar der ein før nytt innkjøp vurderer følgande: a. Kan eksisterande produkt reparerast eller brukast om att? b. Kan det samarbeidast om produktdeling? c. Dersom det må kjøpast nytt produkt, kan det kjøpast brukt eller som eit resirkulert produkt? | |
| 3 | Kommunen skal stille krav om miljøsertifisering eller miljøledelsessystem hjå sine leverandører. | |
| 4 | I kommunen sine prosjekt skal det setjast krav til at logistikken skal nytte fossilfri transport. | |

Bygg og anlegg



Figur 2 syner klimagassutslepp (klimagassutslepp gjennom heile livssyklusen) for organisasjonen Stord kommune 2021, fordelt på ulike anskaffelser.

Byggenæringa er den største kjelda til avfall i Norge og byggsektoren står for 40 % av norges energibruk. I organisasjonen Stord kommune står bygg og anlegg for 45 % av klimagassutsleppa, rekna som lissyklusutslepp (det vil sei klimagassutslepp gjennom produksjonsfase, bruksfase og avfallsfasen). Klimagassutsleppa her er i stor grad knytt til indirekte klimagassutslepp. Det er likevel tatt inn nokre over ordna vurderingar i tiltaksplanen, siden moglegheitene for kutt i klimagassutsleppa er store innanfor dette området, og det kan styrke ein sirkulær økonomi gjennom auka grad av gjenbruk.

Fleire av tiltaka handlar om å forlenge levetida for bygg og anlegg. Dette er investeringar som ikkje direkte gjev eit utslag på reduksjon i klimagassutslepp men som på sikt gjev reduksjon i klimagassutslepp gjennom å ikkje måtte investere i nye innkjøp. Tiltaka skal gje auka kunnskap om kva klimagassutslepp ei investering i bygg og anlegg har, og kva alternativ som gjev mindre klimagassutslepp.

Forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK17) stiller i §§ 9 og 17 krav til blant anna sortering av avfall, vurdering av ombruk og klimagassrekneskap frå materialer. Det er likevel vurdert eit behov for å presisere tiltak i denne planen.

Tiltak

| | Tiltak | Merknad |
|---|---|---------|
| 1 | Alle fossile energikjelder skal vera fasa ut som energikjelder til kommunale bygg innan 2030. | |
| 2 | Det skal stillast krav om klimagassrekneskap som grunnlag for sentrale val i byggeprosjekt. | |
| 3 | Alle materialer i kommunale bygge- og anleggsprosjekt skal ha miljødeklarasjon (EPC) som utgangspunkt for klimagassberekninger og livssyklus kostnader (LCC). | |
| 4 | Ved tiltak på tomt med eksisterende bygg skal klimarekneskapet ved vedlikehald og rehabilitering vurderast opp mot nybygg. | |
| 5 | Bygg og anlegg som skal rivast eller gjennomgå omfattande rehabilitering skal kartleggast med tanke på gjenbruk av byggevarer og inventar. | |
| 6 | Ved kommunale bygge og anleggsprosjekt skal det nyttast tildelingskriterier som fremjar bruk av maskiner med null- og låge klimagassutslepp. | |
| 7 | Alle einingar i skal vera miljøfyrtårnsertifiserte innan 2025. | |

Arealbruk

I kommunen sitt klimabudsjett for 2023 er det ikkje tatt inn konkret tiltak som er knytt til kommunen si rolle når det gjeld forvaltning av areal. Tiltak knytt til arealbruk er likevel tatt inn i handlingsplanen. Dette fordi det er eit område der kommunen har eit direkte forvaltningsansvar, både når det gjeld arealbruk regulert av plan- og bygningslova og etter skogbruk- og landbrukslovverket. Kommunen har med andre ord konkrete verktøy til å styre endring av arealbruk.

I tillegg har endring av arealbruk ein svært viktig påverknad på klimagassutsleppa i kommunen . Som tabellen under syner så tilsvarer nedbygging av 1 daa med myr meir enn heile Stord kommune sitt årsforbruk av bensin og diesel (ca. 106 000 l).

Tabellen under viser utslippsfaktorer per dekar for nedbygging på ulike typer arealer. Faktorene inkluderer utslepp fra nedbryting av levande biomasse, dødt organisk materiale og jord som følgje av nedbygging, og i tillegg tapt opptak over 75 år. Alle utslippsfaktorer oppgis i tonn CO₂-ekvivalenter per dekar og er basert på det nasjonale klimagassregnskapet fra 2022 (Miljødirektoratet mfl. 2022)

Kommunen bør difor ha ein strategi for arealforvaltninga som tek om syn til klimagassutsleppa ved endra arealbruk.

Figur 3 syner utslippsfaktor ved nedbygging av ulike arealtyper, basert på nasjonalt klimagassregnskap frå 2022 (NIR2022).

| Arealtype | Klimagassutslepp (t CO ₂ -ekv. Pr daa) | |
|------------------------|---|-------------------------|
| | Areal med mineraljord | Areal med organisk jord |
| Skog – Låg bonitet | 60 | 169 |
| Skog – middels bonitet | 71 | 182 |
| Skog – høg bonitet | 84 | 194 |
| Jordbruksareal | 43 | 120 |
| Myr | | 337 |

Tiltak

| | Tiltak | Merknad |
|---|---|---------|
| 1 | I kommuneplan og reguleringsplanprosesser må det førast opp eit arealregnskap der det syner kor mykje areal som vert bygd ned, eller vert reetablert som skog, myr eller anna naturareal. | |
| 2 | Det må etablerast eit klimagassregnskap eller krav til slikt der endra arealbruk kan medføre klimagassutslepp som følgje av endra bruk. Kravet skal gjelde for alle saker etter plan- og bygningslova og landbrukslovgivinga. Der endra arealbruk gjev vesentlege klimagassutslepp må det vurderast alternativ som kan gje mindre klimagassutslepp. | |

Utfordring

Det er etablert god metodikk for å måle klimagassutslepp frå endra arealbruk. Det er vurdert at det i liten grad er knytt metodiske utfordringar til dette. Ved større areal kan det vera ei utfordring å sikre god nok kartlegging av jordsmonn og bonitet av skog til å få gode data.

Interkommunale selskap

Kommunen er del i eit stort tal interkommunale selskap. Eit interkommunalt selskap er indirekte ein del av kommunen som organisasjon men der styringa skjer gjennom eit interkommunalt styre, der kommunen normalt har ein eller fleire representantar. Mange av desse interkommunale selskapa er store og har ein betydeleg innkjøp av varer og tenester. Sunnhordland interkommunale miljøverk (SIM) er eit døme på eit interkommunalt selskap som er viktig for å redusera klimagassutsleppa i kommunen.

Tiltak

| | Tiltak | Merknad |
|---|---|---------|
| 1 | <p>Kommunen skal arbeide for at dei interkommunale selskapa den er ein del av, set i verk følgjande tiltak:</p> <ul style="list-style-type: none"><li data-bbox="424 1010 1027 1218">a. Interkommunale selskap må stette kommunen sine målsettingar. Alle IKS må utarbeida ein strategi for å redusera klimagassutsleppa og ha ein eigen bærekraftsrapportering i ein godkjend standard.<li data-bbox="424 1227 1027 1326">b. Det skal setjast krav om reduksjon om i klimagassutslepp (i %) innen 2030, som skal rapporterast kvart år. | |